

Protokoll - Styremøte mars 2025

Dato: 19.03.2025 21:15

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte.

Deltakarar:

- Øystein Våge (Styreleiar)
- Linn Maiva Waage (Styremedlem - Gruppeleiar anleggsgruppa)
- Linda Madsen Helvik (Varamedlem - Gruppeleiar aktivitetsgruppa)
- Hallgeir Goa Myhre (Nestleiar - Gruppeleiar Fotballgruppa) - *ikkje til stades*
- Marte Kolbjørnsen (Styremedlem) - *ikkje til stades*
- Øystein Aa Lysne (Styremedlem - Gruppeleiar Ungdom- og E-sportgruppa) - *ikkje til stades*

Styret er dermed vedtaksført.

Sak 25/3/1

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/3/2

Godkjenning av referat frå forrige møte

Vedtak

Referat frå forrige møte godkjent.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/3/3

Innkomne saker til årsmøtet - 1

Forslagsstillar:

Stian S. Waage

Beskrivelse av forslag:

Sør Cup var ei stor målsetning for enkelte av årsklasse laga for året 2025. Dette basert på tilbakemeldinger/erfaringer fra andre lag som har deltatt de senere år med stor suksess. Da en annen organisasjon lokalt har meldt på arrangement samme helg der fleire av spillerene også er medlemmer, så setter det oss i ein vanskelig situasjon. Vi kan melde på lag som planlagt og tvinge de spillerne det gjelder å velge det ene eller det andre alternativet og dermed gi fleirtallet som kun er medlemmer i FSK muligheten til å oppleve Sør Cup, eller velge å finne en annen cup til stor skuffelse for spesielt de som ikke er medlemmer i begge organisasjoner. Dette året velges det siste alternativet for å slippe å lage en mulig konflikt, men fra og med 2026 så er det ønskelig med ett vedtak av styret i FSK at vi ønsker å ha Sør Cup som en årlig tradisjon for våre aldersbestemte fotball-lag. Dette som info ut til andre lokale organisasjoner sånn at vi slipper mulige fremtidige konflikter der felles medlemmer kan bli tvunget til å måtte velge. La oss være tydelige på at vi ønsker å starte en årlig tradisjon der våre ungdomslag reiser på Sør Cup (som sammenligning forøvrig kan en vise det til Bremnes sin flotte og lange tradisjon med Norway Cup)

Vedtak

Forslagsstillars forslag til vedtak:

Finnås Sportsklubb ønsker å starte en fast årlig tradisjon, fra og med 2026, der våre aldersbestemte lag reiser på Sør Cup.

Styrets vurdering og forslag:

I FSK sine rutinar for økonomisk dekning av cup står det:

- 13-17 år: Lagpåmelding for inntil 3 lokale cupar per år, eller 2 lokale cupar samt 1 større cup (f.eks Norway Cup eller Sør Cup) per år.
 - Totalramme for dekning av lokale cupar skal ikkje overstige kr. 4500 per lag per år.
 - Totalramme for dekning av større cupar skal ikkje overstige kr. 1500 pr. spelar.

Styret meiner at det med bakgrunn i dette ligg ei forventning om at ein bør forsøke å få til cupdeltagelse på ein større cup for denne aldersgruppa, men då ulike kull og årsgrupper har ulike behov og ynskjer meiner styret at det ikkje bør ligge eit eksplisitt krav om dette. Derimot meiner styret at planlegging av slik deltakelse bør skje tidlegare enn det som har vore tradisjonelt då dette vil lette både budsjettarbeid samt gi både laget, utøvarar/føresette og andre organisasjonar eit mykje betre utgangspunkt i si planlegging.

Styrets forslag til vedtak:

Årsmøtet gir styret i oppgåve å legge til i lagleiar si oppgåve å saman med trenarar og føresette å planlegge årshjul/neste sesong tidleg på hausten året før.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/3/4

Innkomne saker til årsmøtet - 2

Forslagsstillar:

Merete Haugland

Beskrivelse av forslag:

Kanskje me kunna ha jobba for å gjera klubben mest mogleg plastfri. Eller hvertfall ha fokus på bruken av plast og prøve å gå over til tre/metall der det lar seg gjera.

Forslagsstillars forslag til vedtak:

Ingen

Styrets vurdering og forslag:

Styret vurderer at dette ikkje er ei årsmøtesak, og tar saka vidare til eit anna styremøte.

Vedtak

Styret avviste saka som ei årsmøtesak og tek den opp på eit seinare årsmøte.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/3/5

Innkomne saker til årsmøtet - 3

Forslagsstillar:

Stine Strand Hope

Beskrivelse av forslag:

Hei

Eg har eit ønske og det er å få til ei »tur gruppe» i FSK

Det er mange barn i FSK, men dette trur eg kan øke medlemskapet samt få eldre med på og som medlem.

Tur er noko for alle aldrer, samt for felleskapet i bygda

Tenker da at me hadde merket de og gjort det slik at dette var gjennom FSK

Eg er vil svært gjerne være med i turgruppa, som kan bli ei ny gruppe i FSK

Eg tenker da det å bruke turløyper i eget tempo.

Forslag er å kunne samarbeide m Voge skule, Bømlø Folkehøgskule, Kulleseid

Kanalen, Grendautvalget som også kan ha stor nytte av turlaget

Hovda-Hidmesnesskogen-Sakseidbekken-en bak Finnås Barnehage-Børøynå-

Finnås vartne-Sagvatne -Anskot--

Dette er berre nokre av dei flotte løypene som er på Finnås men som langt ifra alle veit om

Ivrig turgåer som har veldig lyst å få til dette i den flotte bygda.

Eg har snakket m Folkehøgskule, Vpge skule (rektor), Grendautvalg, delt på fb.

Men får ingen interesse

Derfor til dåkå

Forslagsstillars forslag til vedtak:

Ingen

Styrets vurdering og forslag:

Tilsvarande sak vart behandla av årsmøtet i 2024. Styret ser ikkje at det er vesentlige endringar i forslaget som vart behandla i 2024, og meiner difor at det ikkje er hensiktsmessig at årsmøtet behandlar denne på ny. Styret meiner at Bømlø Turlag eller Barnas Turlag Bømlø er rett instans for denne saka.

Vedtak

Styret avviste saka som ei årsmøtesak.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/3/6

Orienteringssaker

Det var ingen saker til orientering.